



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Statsforvaltaren si tilråding - grensejustering av Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya

Statsforvaltaren rår til at øyene Ona-Husøya og Sandøya blir grensejustert over til Aukra kommune. Statsforvaltaren rår til at øya Gåsøya framleis skal vere ein del av Ålesund kommune.

Bakgrunn

Innbyggjarar på Ona-Husøya og Sandøya og ein grunneigar på Gåsøya står bak eit initiativ om å søke utgreiing av grensejustering. Øyene Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya ligg nord i Ålesund. Ona-Husøya og Sandøya har om lag 43 fastbuande innbyggjarar, men Gåsøya har ikkje fastbuande. Ålesund kommune har 58 509 innbyggjarar mens Aukra kommune har 3678 innbyggjarar per 1.1.2024.





Spørsmålet om grensejustering for øyene Ona-Husøya, Sandøya, Orten, Gåsøya mfl. var til behandling hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) i 2018. Departementet si avgjerd var at Orten og Lyngværet skulle grensejusterast over til Aukra kommune, mens Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya blei verande i Ålesund kommune.

I 2022 blei det på nytt søkt om grensejustering av Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya. Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fatta i 2024 avgjerd om at saka skulle utgreiast og behandlast på nytt.

Innbyggjarinitiativet

Oddgeir Viken, Arve Linningsvoll og Pål Gaasøy har som innbyggjarar og grunneigarar initiativrett etter inndelingslova § 8 til å søke om utgreiing av grensejustering for Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya.

- Oddgeir Viken og Arve Linningsvoll har i brev av 6. oktober 2022 søkt om utgreiing av grensejustering av Ona-Husøya og Sandøya. Det er lagt ved ei liste med 34 underskrifter i tillegg til søkarane
- Pål Gaasøy har i brev av 12. oktober 2022 bedt om at ei utgreiing av grensejustering også blir gjort for Gåsøya

Søkarane frå Ona-Husøya og Sandøya viser til at det har skjedd endringar sidan departementet si avgjerd i 2018 som tilseier eit behov for å sjå på grensejusteringssaka på nytt. Det er mellom anna vist til at opninga av Nordøyvegen gir lengre reisetid og høgare reisekostnader til kommunesenteret i Ålesund enn tidlegare. Slik det er lagt opp i dag, får innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya lang reiseveg til legevakt og sjukehus. Det vil gje større tryggleik for innbyggjarane om dei blir knytt til legevakttenesta på Aukra.

Det er i søknaden vidare vist til grunngevinga som låg til grunn for søknaden i 2016 framleis gjeld, og at innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya har ei tilhøyrslø og identitet som romsdalingar. Søkarane ber om at folkevilja vinn fram denne gongen og at Ona-Husøya og Sandøya blir grensejustert over til Aukra kommune.

I søknaden frå 2016 var det vist til følgjande grunngeving:

- Øyene er mest retta mot Aukra og Romsdal med tanke på tenester og leveransar både til næringsliv og private
- Det er kortast og raskast å kome seg til ein by (Molde) i den retninga, det vil framleis vere tilfelle etter at fastlandssambanda Møreaksen, Kjerringsundet og Nordøyvegen er ferdig
- Innbyggjarane på øyene har alltid vore knytt til Romsdal, både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar
- Søkarane peikar på at geografisk sett er øyene ein del av Romsdalskysten og Romsdalsregionen



Historikk

For oversikta sin del gjer vi ein kort og summarisk gjennomgang av historikken i saka.

2016

- Oddgeir Viken med fleire søkte i 2016 om grensejustering av Ona-Husøya, Sandøya, Orten, Lyngværet og Gåsøya

2018

- På oppdrag for KMD gjennomførte Statsforvaltaren ei utgreiing og innbyggjarhøyring knytt til grensejustering av øyene
- Innbyggjarhøyringa hadde ein svarprosent på 96 %, og heile 85 % av innbyggjarane ønska ei grensejustering over til Aukra kommune
- I vår tilråding til KMD la vi stor vekt på resultatet frå innbyggjarhøyringa, innbyggjarane si tilhøyrsløse og deira ønske om ei grensejustering over til sin kvardagsregion
- KMD avgjorde saka i juli 2018, og vedtok då at berre Orten og Lyngværet skulle grensejusterast over til Aukra kommune, gjeldande frå 1.1.2020

2022

- Oddgeir Viken og Arve Linningsvoll søkte i 2022 om grensejustering av Ona-Husøya og Sandøya
- Pål Gaasøy ber om at ei eventuell utgreiing også omfattar Gåsøya
- Kommunestyret i Ålesund kommune går i mot at det blir i sett i gong ny utgreiing av grensejustering. Kommunestyret i Aukra kommune er positive til at det blir sett i gong ei utgreiing
- Statsforvaltaren sender søknaden over til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) med tilråding om å sjå på saka på nytt

2024

- KDD ber Statsforvaltaren om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering av øyene Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya
- Det blir gjennomført høyring av innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya
- Grensejusteringssaka blir sendt på høyring til kommunane
- Frist for Statsforvaltaren si tilråding er 15. desember 2024

Det rettslege utgangspunktet for Statsforvaltaren si vurdering

Inndelingslova gir saksbehandlingsreglar for endring av kommunegrenser. Inndelingslova gir innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande med forretningsstad i kommunen, ein rett til å sette fram ein søknad om at det skal settast i gong utgreiing av grensejustering. Statsforvaltaren eller Kommunal- og distriktsdepartementet avgjer om ei slik utgreiing skal settast i gong. Den som står ansvarleg for utgreiinga må avgjere kva som er nødvendig å greie ut i kvar einskilde sak.

Inndelingslova seier ikkje noko om når ei grense bør endrast eller kvar grensa bør gå, men gir reglar om kva som skal skje frå det er tatt initiativ til ei endring og til endringa er gjennomført.



I vår vurdering og tilråding er det relevant å sjå til inndelingslovas formålsparagraf i § 1 og lova sine forarbeid. Formålsparagrafen skal tene som rettleiar ved tolking og bruk av reglane i lova og vil formidle sentrale verdiar som ligg reglane i lova. Det går fram av formålsparagrafen i § 1 at:

«Føremålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- og fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.»

Det følgjer av forarbeida kapittel 12 at det med formålstenlege einingar er tenkt på mellom anna økonomisk berekraft, tilstrekkeleg kapasitet til å løyse pålagde oppgåver og fagleg kompetanse.

Før avgjerd i grensejusteringssaker blir tatt, skal dei aktuelle kommunane få høve til å uttale seg til saka. For å sikre brei medverknad bør innbyggjarane sitt synspunkt hentast inn. I forarbeida til inndelingslova er det i ulike kapittel drøfta kva vekt resultatet frå innbyggjarhøyringar skal ha. I forarbeida i Ot.prp. nr. 41 (200-2001) kapittel 2 står det:

«Høyring av innbyggjarane – mest konkret gjennom lokale folkerøystingar – er i praksis eit viktig moment i ei inndelingssak. Særleg i grensejusteringssaker har det vore lagt vekt på ein dokumentasjon av folkemenininga.»

I forarbeida kapittel 5 er det vist til at:

«Departementet vil ikkje gå inn for at resultatet skal vere bindande for kommunestyret, og finn det heller ikkje formålstenleg å innføre detaljerte reglar om kva vekt høyringa skal ha i høve til andre moment. I så fall vil ein ta frå kommunestyret retten til å ha ei eiga oppfatning om saka. Det må vere opp til kommunestyret (eller det organet som er delegert slik myndigheit) å avgjere kva fråsegn kommunen skal kome med i den aktuelle saka. Kommunen kan t.d. ønskje å legge ei meir heilskapleg vurdering til grunn, og leggje mindre vekt på høyringa. Uavhengig av kva vekt kommunen legg på høyringa, vil avgjerdsinstansen vurdere resultatet frå ei høyring på sjølvstendig grunnlag. Departementet finn det heller ikkje her tenleg å lovfeste vilkår for vektlegginga.»

I forarbeida kapittel 4 peikar departementet på at:

«Departementet presiserte i høyringsnotatet at den kjensla innbyggjarane har av å høyre til ein stad, vil vere eit kriterium som alltid vil vege tungt i konkrete saker. Å nemne særskilde kriterium i lovteksten vil likevel kunne føre til mistydingar, som til dømes at kriteriet er uttømmende rekna opp i lovteksten. I praksis vil likevel identitetskriteriet inngå som eit sentralt element i vurderinga av den enkelte sak. Departementet ønskjer difor ikkje å gjere nokon endring her.»



Grunnlaget for vår saksbehandling

Fakta grunnlaget i saka

I oppdragsbrevet frå KDD Datert 1. mars 2024 går det fram at utgreiinga skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

I vedlegg 2.0 er det gjort greie for følgjande:

- Storleik og geografisk plassering
- Innbyggartal og demografi
- Kommunikasjonstilhøve og arbeidspendling
- Kommunalt tenestetilbod
- Planstatus og utbyggingsmønster
- Kultur, foreiningsliv, næring og handel
- Tekniske tenester og brann

Ålesund kommune viser i sin høyringsuttale til at dei meiner fakta grunnlaget som er utarbeidd i grensejusteringssaka er mangelfullt då det ikkje seier noko om:

- Den lange felles historia mellom øyane i tidlegare Sandøy kommune
- Moglege konsekvensar for innbyggjarane som blir igjen i det som tidlegare var Sandøy kommune og økonomiske konsekvensar for Ålesund kommune
- Framtidsutsikter for havnæringa
- Kostnadsperspektivet og bruk av offentlege ressursar knytt til grensejusteringa

Vår innhenting av fakta grunnlag byggjer på dei momenta som Kommunal- og distriktsdepartementet har lista opp i sitt oppdragsbrev. Ålesund kommune har undervegs fått høve til å supplere fakta grunnlaget, sjå vedlegg 2.1. Det er vår vurdering at dei forholda som kommunen har vist til, i tilstrekkeleg grad er gjort greie for i saksframlegget til kommunestyret si behandling av grensejusteringssaka (sak 113/24), og at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiingar utover dette. Vi vurderer fakta grunnlaget som godt nok til å gi ei tilråding til KDD.

Høyrings svar og innspel i saka

Inndelingslova § 9 slår fast at kommunestyret i kommunane saka gjeld, skal få høve til å uttale seg. Grensejusteringssaka blei den 2. juli 2024 sendt på høyring til Ålesund kommune og Aukra kommune.

I tillegg har Møre og Romsdal fylkeskommune fått høve til å uttale seg. Statens kartverk har fått saka på høyring for å gi uttale til ei eventuell ny kommunegrenser.

Statsforvaltaren har også mottatt høyringsinnspel frå Romsdal interpolitiske råd, ordførarar frå tidlegare Sandøy kommune og grunneigar på Gåsøya.



Høyringsvar frå Ålesund kommune

Ålesund kommunestyret behandla saka den 14. november 2024 (sak 113/24) og fatta følgjande vedtak med 43 mot 3 røyster:

Vedtak:

1. Ålesund kommunestyre går imot ei grensejustering mellom Ålesund og Aukra for øyane Ona, Sandøya og Gåsøya. Kommunen stiller også spørsmål om bruken av fellesskapet sine midlar til denne grensejusteringsprosessen er rett bruk av midlar i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Ålesund kommunestyre viser til sin uttale i møte 01.12.2022 og vil på nytt framheve at spørsmålet om grensejustering for mellom anna øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd var at øyane Ona og Sandøy skulle følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune. Grunngevinga som lå til grunn for departementet si avgjerd er framleis gjeldande, og Ålesund kommune leverer framleis tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.
2. Ålesund kommunestyre meiner at faktagrunnlaget som Statsforvaltaren har utarbeida er mangelfullt. Faktagrunnlaget omtalar mellom anna ikkje den lange felles historia mellom øyane i tidlegare Sandøy kommune. Kommunedelsutvalet i Sandøy viser til at Sandøy kommune har fungert godt i over 150 år, og øyane i gamle Sandøy kommune er nært knytta og har ein felles identitet. Faktagrunnlaget omtalar heller ikkje viktige aspekt som moglege konsekvensar for innbyggjarane som blir igjen i det som var tidlegare Sandøy kommune, eller konsekvensar for Ålesund kommune sine økonomiske vilkår for å kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod. Faktagrunnlaget inneheld ingenting om framtidssutsikter for havnæringa, eller kostnadsperspektivet og bruken av offentlege ressursar knytt til grensejusteringa.
3. Ålesund kommunestyre viser til at ei eventuell grensejustering vil få konsekvensar innanfor dei fleste kommunale tenestekområda. Grensejusteringa vil også få konsekvensar for soknerådsinndeling og brannberedskap. Kommunestyret vil særlege påpeike konsekvensar knytt til økonomi og administrativt meirarbeid samt arbeid knytt til økonomisk oppgjer mellom kommunane. Vidare vil det å miste mykje av havområda ha negative konsekvensar for Ålesund kommune med bakgrunn i at havområda for framtida er ein viktig ressurs og satsingsområde for kommunen. Ved å overføre store sjøareal til nabokommunen vil Ålesund kommune kunne gå glipp av framtidige inntektsmuligheter. Nærare om konsekvensar for Ålesund kommune er omtala i kommunedirektøren si saksframstilling.
4. Når det gjeld innbyggjarundersøkinga meiner Ålesund kommunestyre at heile tidlegare Sandøy kommune burde blitt høyrtd, ikkje berre dei som bur på Ona og Sandøya. Dette fordi ei grensejustering vil påverke og kan på sikt få følgjar for alle busette i tidlegare Sandøy kommune. Kommunestyret støtter uttalen frå Sandøy kommunedelsutval om at det kan sjå ut som det er fleire som er imot ei grensejustering no enn tidlegare. Kommunestyret meiner at Statsforvaltaren bør vurdere å gjennomføre ei ny innbyggjarundersøking som omfattar heile befolkninga i gamle Sandøy kommune, før det vert gjort ei tilråding til departementet.
5. Dersom det skulle bli ei grensejustering vil Ålesund kommunestyre tilrå at berre Ona og Sandøy blir grensejustert til Aukra. Det er ingen fastbuande på Gåsøya, berre ein grunneigar som delvis oppheld seg på øya, og kommunen ser såleis ingen grunn til at denne øya skal grensejusterast. Ålesund kommune ønsker å behalde mest mogleg av det havområde som i dag ligg til Ålesund. Allereie i 2017 peikte Kartverket og dåverande Fylkesmann i Møre og Romsdal på at beste alternativet for ny kommunegrense mellom Ålesund og Aukra ville vere at ny kommunegrense vart trekt aust for Gåsøya og Seterøya, slik at Gåsøya vart verande med Sandøy over til Ålesund kommune.
6. Ålesund kommunestyre vil til slutt vise til at kommunen har stått i svært krevjande omstillingsprosessar over mange år, og derfor ligg langt etter med nødvendig innovasjons- og utviklingsarbeid. Kommunen er framleis ikkje ferdig med kommunedelingsprosessen med Haram, og den kommunale organisasjonen har hatt stor belastning over tid. Å bli pålagt å gå i gang med ein fradelingsprosess no vil vere svært krevjande. På bakgrunn av dette vil Ålesund kommune ha liten kapasitet til å kunne bidra inn i ein eventuell grensejusteringsprosess. Det er derfor eit absolutt krav at kommunen får tilført ressursar og dekt alle kostnader dersom ein skal bidra inn i ein slik prosess.

Høyringsvar frå Aukra kommune

Aukra kommune behandla grensejusteringssaka i møte den 12. september 2024 (sak PS 65/24) og fatta følgjande vedtak:

Kommunestyrets vedtak

1. Aukra kommunestyre er positiv til at øyane Ona, Sandøya og Gåsøya blir ein del av Aukra kommune.
2. Dei fulle økonomiske og praktiske konsekvensar av ei grensejustering er ikkje mogeleg å gje på dette tidspunkt i prosessen. Aukra kommune ser det likevel slik at kommunen har god og solid økonomi til å gje tilbod til innbyggjarane på dei omtala øyane gode og likeverdige kommunale tenester.
3. Aukra kommunestyre finn resultatet frå innbyggjarhøyringa som forventa og at Statsforvaltaren sitt faktagrunnlag underbygger dette.



Høyrings svar frå Statens kartverk

Statens kartverk har i brev av 10. mai 2024 gitt si anbefaling til ny kommunegrense ved ei eventuell grensejustering. Det er lista opp tre alternativ i prioritert rekkefølge:

1. Heile tidlegare Sandøy kommune blir overført frå Ålesund Aukra til Aukra kommune
2. Øyene Sandøy, Ona-Husøya, Gåsøya og Seterøya blir overført frå Ålesund til Aukra kommune
3. Øyene Sandøy og Ona-Husøya blir overført frå Ålesund kommune til Aukra kommune

Det er gitt ei nærare grunngjeving for dei ulike alternativa:

- Alternativ 1: vil gi ein kommune utan eksklavar, og slik sett ei enklare forvaltning av grensene
- Alternativ 2: det er naturleg å følgje dei djupaste områda i sjøen, og det vil vere unaturleg å ikkje ta med både Gåsøya og Seterøya. Mellom Gåsøya og Seterøya er det grunt og unaturleg å trekke grensa
- Alternativ 3: dersom ein vel å ikkje ta med Gåsøya, er det naturleg å legge grensa i det vidaste sundet mellom Sandøya og Seterøya, altså vest for Trollholmane

Innspelet frå Romsdal interpolitiske råd

Romsdal interpolitiske råd har i brev av 18. september 2024 gitt sin støtte til at øyene Ona-Husøya, Sandøya og Gåsøya blir ein del av Aukra kommune og at:

«Dette med bakgrunn i historisk tett tilknytning til Romsdal, nærhet til sentrale tenestetilbud, og at øyene geografisk er en del av Romsdalskysten.»

Innspelet frå ordførarar frå tidlegare Sandøy kommune

Ordførarar frå tidlegare Sandøy kommune har i eit skriv gitt sin uttale til grensejusteringssaka. Det blir stilt spørsmål ved om grensejusteringssaka kan behandlast på nytt, og om Statsforvaltaren er habil til å behandle saka.

Det blir også vist til at ei grensejustering vil innebere ei arbeid knytt til justering av kyrkjesokn, gards- og bruksnummer med vidare.

Ordførarane viser vidare til at:

«Vi støtter opp under vedtaket i Sandøy kommunedelsutval, uttalen frå Ålesund Brannvesen KF, innspelet frå kyrkjevergen i Ålesund kyrkjelege fellesråd og vil på det sterkaste gå imot ei frådeling av desse øyane. Heile samfunnet her er bygd opp over lang tid med traidisjonar og samhøyr på alle viktige område. Folket høyrer saman i dette øysamfunnet.»

Innspelet frå grunneigar Pål Gaasøy

Grunneigar av gbnr. 803/1 på Gåsøya i Ålesund kommune har i brev av 20. november 2024 gitt sin uttale til saka. Det blir frå Gaasøy si side vist til at all tilhøyrsløse for folket på Gåsøya alltid har vore retta mot Romsdal og ikkje til Sunnmøre.



Innbyggjarhøyring

Inndelingslova § 10 slår fast at innbyggjarane sitt synspunkt på grenseendringa bør hentast inn. Opinion har på oppdrag frå Statsforvaltaren gjennomført ei høyring av innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya.

Ålesund kommune viser i sin høyringsuttale til at Statsforvaltaren bør gjennomføre ei ny innbyggjarundersøking som omfattar alle innbyggjarane i tidlegare Sandøy kommune, og ikkje berre innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya.

Det er vår vurdering at det mest sentrale ved ei innbyggjarhøyring i ei grensejusterings sak, er å få klarlagt kva innbyggjarane som bur i området som vurderast grensejustert meiner. Eventuelle synspunkt frå andre innbyggjarar i kommunane vil ivaretakast av kommunestyret sin høyringsuttale. Vi held fast ved vår vurdering av at det er innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya som skal høyrast i denne saka.

Innbyggjarhøyringa blei gjennomført som ei telefonundersøking i perioden 3. til 21. juni 2024. Fullstendig rapport frå innbyggjarhøyringa kan lesast i vedlegg 3.0.

Alle innbyggjarar over 16 år med tilgjengeleg telefonnummer (totalt 43 stk) blei oppringt, inntil 10 gonger. I tillegg blei undersøkinga sendt ut via SMS. Innbyggjarane fekk i forkant informasjon om innbyggjarhøyringa.

Det blei stilt følgjande spørsmål:

«Meiner du at Ona-Husøya og Sandøya skal bli i Ålesund slik som i dag, eller bli en del av Aukra kommune, eller har du ingen mening om dette?»

Det blei gjennomført totalt 40 intervju. Resultatet frå spørjeundersøkinga viser at eit fleirtal ønskjer å bli ein del av Aukra kommune:

Alternativ	Tal	Prosent
Bli i Ålesund kommune	9	23 %
Bli ein del av Aukra kommune	30	75 %
Ingen mening	1	3 %

Statsforvaltaren si samla vurdering

Vi har tatt utgangspunkt i det innsamla faktagrunnlaget, høyringsuttaler, resultat frå gjennomført innbyggjarundersøking og omsyna i inndelingslova i vår vurdering.

Grensejustering av Ona-Husøya og Sandøya har ei lengre historikk, og saka har skapt stort engasjement og offentleg debatt i lokale media. Debatten er prega av ulikt syn på om innbyggjarane sin identitet og tilhøyrsløse til Romsdalen, skal få betyding for kva kommune dei høyrer til.

Både Ålesund kommune og Aukra kommune har behandla grensejusteringssøknaden politisk. Aukra kommunestyre viser i sin høyringsuttale til at dei er positive til ei grensejustering.

Ålesund kommunestyre viser på si side til at dei går sterkt imot ei grensejustering. Kommunestyret viser i sin høyringsuttale til fleire forhold som dei meiner taler i mot ei grensejustering:



- Grunngevinga som låg til grunn for departementet si avgjerd i 2018 står seg, og kommunen leverer framleis tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på Ona-Husøya og Sandøya
- Ei eventuell grensejustering vil få konsekvensar innanfor dei fleste kommunale tenestekområda og inndeling av kyrkjesoknet Sandøy
- Ei eventuell grensejustering vil innebære at Ålesund kommune mister mykje av havområda som er ein viktig ressurs og eit satsingsområde for kommunen

Avslutningsvis peikar kommunestyret på at kommunen har stått i svært krevjande omstillingsprosessar over mange år. Det vil derfor opplevast som belastande og krevjande å gjennomføre ei eventuell grensejustering.

Vi er godt kjent med at Ålesund kommune har vært gjennom fleire år med krevjande omstillingsarbeid, og vi har derfor stor forståing for at det opplevast som belastande med ei eventuell grensejustering. Vi meiner likevel at dette ikkje kan få avgjerande betyding inn i vurderinga av om ei grensejustering skal gjennomførast eller ikkje.

Vi vurderer vidare at det ikkje kan leggjast avgjerande vekt på Ålesund kommune sitt ønske om å behalde havområda rundt øyene. Ålesund kommune er ein kommune med mykje havareal. Ei grensejustering vil ikkje i betydeleg grad svekke kommunen sitt næringsgrunnlag.

Dei momenta vi vurderer som mest relevant er å legge vekt på i vår vurdering er:

- I kva grad vil ei grensejustering påverke innbyggjarane sitt kommunale tenestetilbod, det gjeld først og fremst for innbyggjarane på øyene, men også innbyggjarane i tidlegare Sandøy kommune
- Kva meiner innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya om ei grensejustering?

Dei fleste av dei kommunale tenestene for innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya er i dag lokalisert på Harøya (Sandøytunet). Reisetid til Sandøytunet er om lag 25 min frå Sandøya og 45 min frå Ona-Husøya.

Ålesund kommune har peika på at dei leverer gode tenester til innbyggjarane på øyene i dag. Dei peikar også på at ei grensejustering kan svekke grunnlaget for å levere tenester til innbyggjarane i det som utgjør tidlegare Sandøy kommune. Ålesund kommune har i si vurdering lagt til grunn at det truleg ikkje vil vere mogleg å redusere driftskostnader i tilstrekkeleg grad til å kunne kompensere inntektsbortfallet. I sum vurderer kommunen derfor at ei grensejustering vil ha ei negativ innverknad på kommuneøkonomien.

Aukra kommune viser til at dei vil tilpasse tenestetilbodet til ferjeavgangar, og at kommunen har god og solid økonomi til å gje innbyggjarane på øyene gode og likeverdige kommunale tenester. Reisetida til kommunesenteret på Aukra er 78 min frå Sandøya og 93 min frå Ona-Husøya.

Lengre reisetid og reiseavstand til kommunale tenester i Aukra kommune taler imot ei grensejustering. Samstundes vurderer vi at det ikkje berre er reisetid og reiseavstand til kommunale tenester som er relevant å ta omsyn til. Det vil også vere relevant å ta omsyn til kva innbyggjarane betraktar som sin kvardagsregion. Her viser vi til at søkarane har oppgitt at dei brukar Molde som by framfor Ålesund. Reisetida til Molde er kortare enn reisetida til Ålesund. Vi legg vekt på at søkarane definerer Romsdalsregionen som sin naturlege kvardagsregion.



Som Ålesund kommune peikar på, ser vi at ei eventuell grensejustering vil innebære at færre innbyggjarar nyttar det kommunale tenestetilbodet som gis til innbyggjarane i tidlegare Sandøy kommune. Lågare innbyggjartal kan påverke utforminga av det kommunale tenestetilbodet i dette geografiske området, og gi behov for å strukturere tenestetilbodet annleis. Statsforvaltaren er overtydd om at Ålesund kommune som ein stor og kompetent organisasjon er i stand til å tilpasse tenestetilbodet for innbyggjarane i tidlegare Sandøy kommune etter ei grensejustering av øyane.

Når det gjeld eventuelle økonomiske konsekvensar av å miste innbyggjarar, så vil vi vise til at det overordna formålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tilbod til sine innbyggjarar. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein derfor omsyn til strukturelle forskjellar i utgifter og forskjellar i inntekter. Utgiftsutjamninga er grunngeve med at demografiske, geografiske og sosiale forhold gir utgiftsforskjeller som kommunane i liten grad kan påverke. For å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadene for å tilby velferdstenester, blir også skatteinntektene utjamna. Dersom ei grensejustering skulle medføre betydelege endringar i kommunane sine skatteinntekter per innbyggjar, så vil ein vesentleg del av endringa kunne utliknast gjennom skatteutjamninga. I tillegg kan ei eventuell grensejustering bli fylgt opp av eit økonomisk oppgjør, sjå inndelingslova §§ 18 flg. Det er vår vurdering at dei økonomiske verknadene for Ålesund kommune ligg klart innanfor det som er forventa løyst gjennom inntektssystemet og oppgjersreglane i inndelingslova.

Resultatet frå innbyggjarundersøkinga som blei gjennomført, viser eit stort fleirtal for overflytting til Aukra kommune. Det klare fleirtalet for grensejustering på 75 %, må slik vi vurderer det, få stor vekt inn i den samla vurderinga. Dette er i samsvar med det som går fram av lovforarbeida til inndelingslova om at innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyrslø, vil vere eit kriterium som veg tungt, og at identitetskriteriet vil inngå som eit sentralt element i vurderinga av den einskilde sak. Her finn vi det relevant å vise til at det står eit større tal innbyggjarar bak innbyggjarinitiativet og at dei momenta som det er vist til i søknaden, nettopp gjeld identitet og tilhøyrslø.

At innbyggjarane føler identitet og tilhøyrslø til sin kommune, vil i eit lokaldemokratisk perspektiv vere viktig. Det kan mellom anna ha betyding for innbyggjarane si moglegheit for å påverke det kommunale tenestetilbodet. Sterk identitet og tilhøyrslø kan også ha betyding for kor aktivt innbyggjarane deltek i lokaldemokratiet.

Etter ei heilskapleg vurdering finn vi i denne saka å måtte legge avgjerande vekt på at eit stort fleirtal av innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya ønskjer å høyre til Aukra kommune. Det er vår vurdering at fordelane ved at innbyggjarane på Ona-Husøya og Sandøya får høyre til den kommunen det store fleirtalet har sin tilhøyrslø og identitet til, veg tyngre enn ulempene ved ei grensejustering.



Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren rår til at øyene Ona-Husøya og Sandøya blir grensejustert over til Aukra kommune.

Statsforvaltaren rår til at øya Gåsøya blir verande i Ålesund kommune. Grunngevinga for dette er høyringsuttalen frå Statens kartverk. Det blir i høyringsuttalen peika på at dersom Gåsøya skal grensejusterast til Aukra kommune, bør Seterøya også vere med. Eventuelt så bør ny kommunegrense gå aust for Gåsøya og Seterøya. Det er ikkje søkt om grensejustering av Seterøya, og det har heller ikkje vore ein del av denne prosessen. Vi finn det av den grunn vanskeleg å rå til at Gåsøya blir grensejustert over til Aukra kommune.

Statsforvaltaren foreslår etter råd frå Statens kartverk at kommunegrensa i sjø mellom Aukra kommune og Ålesund kommune blir satt aust for Gåsøya og Seterøya, sjå alternativ 3 i høyringsuttale frå Statens Kartverk.

Med helsing

Else-May Botten (e.f.)
statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1.0 SØKNADER
 - 1.1 Søknad om utgreiing av grensejustering av Ona-Husøya og Sandøya, datert 6. oktober 2022
 - 1.2 Søknad om utgreiing av grensejustering av Gåsøya, datert 12. oktober 2022
 - 1.3 Søknad om utgreiing av grensejustering av Ona-Husøya og Sandøya, datert 12. august 2016
 - 1.4 Søknad om utgreiing av grensejustering av Gåsøya, Seterøya og Lyngværet, datert 26. august 2016
- 2.0 Faktagrunnlag utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
 - 2.1 Innspel til faktagrunnlaget frå Ålesund kommune
 - 2.2 Innspel til faktagrunnlaget frå Aukra kommune
- 3.0 Rapport frå innbyggjarhøyring, datert 21. juni 2024
- 4.0 HØYRINGSSVAR
 - 4.1 Høyringsssvar frå Ålesund kommune, datert
 - 4.2 Høyringsssvar frå Aukra kommune, motatt
 - 4.3 Høyringsssvar frå Statens kartverk, datert
 - 4.4 Høyringsinnspel frå Romsdal interpolitiske råd, datert 18. september 2024
 - 4.5 Høyringsinnspel frå ordførarar frå tidlegare Sandøy kommune
 - 4.6 Høyringsinnspel frå Pål Gaasøy, datert 20. november 2024



Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE
AUKRA KOMMUNE

STATENS KARTVERK
MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE

Oddgeir Viken
Arve Linningsvoll
Pål Johan Gaasøy

Postboks 1521
Kommunehuset
Nyjordvegen 12
Postboks 600 Sentrum
Postboks 2500

Onagarden 10
Linningsvegen 31
Bjønnan 25

6025 ÅLESUND
6480 AUKRA
3507 HØNEFOSS
6404 MOLDE
6298 Ona
6297 Sandøy
6410 Molde